

Ta torsdagsmiddagen på Festauranten!

01.08.2016



Dei flinke, unge kokkane i fjar.

Torsdag startar alle dei flotte og spennande tilboda til born og ungdom under FestidaGen. Eit av tilboda er matkurs for ungdom med Elin Enes som instruktør. På dette kurset lærer ungdomane å tilbereda ein flott trerettars middag. Dette skal serverast til gjester på Festauranten i Helgheimskjellaren som avslutning på kurset.

Elin Enes seier til uskedalen.no at dei ønskjer å fylla opp heile Festauranten med gjester kl.16 torsdag. Derfor har dei 10 ledige plasser. Middagen vert servert kl.16, og her gjeld prinsippet om førstemann til mølla. Interesserte kan ta kontakt med Elin Enes og bestilla plass. Då får dei ein god trerettar til 200 kroner. Inntekta går til FestidaGen.

Underteikna var gjest i fjar og anbefaler tilbodet på det sterkeste! Her vil ein få smakfull mat på fint dekka bord. Alt gjort av flinke ungdommar.



Journalisten gav toppkarakter i fjor!

Tekst og nett: Thor Inge Døssland.

Foto: Leif Arne Døssland